



SENTERPARTIETS

profilhandbok

CMYK-
utgåva

Sist endra 13. februar 2020 11:04

INNHALD

Innleiing	3	Kløveren	23
— Kva har endra seg?	5	Fargar	27
Grunnleggjande prinsipp	6	— Fargepaletten	28
— Våre grafiske berebjelkar	7	— Fargekombinasjonar	30
— Namn og forkortingar	7	Typografi	32
Logo	8	— Profilfontar	33
— Kløveren	9	— Systemfontar	33
— Hovudlogo	9	— Typografiske tilhøve	38
— Sekundærlogo	9	— Korleis ta omsyn til svaksynte	38
— Mørke flater	10	Bilete	40
— Verneområde	11	Sosiale media	42
— Logo på andre språk	12	Epostsignatur	44
— Einsfarga logoar	13	På stand for Senterpartiet	46
— Filtyper	14		
— Logobruk – rett og galt	15		
— Andre logoar	17		
— Senterungdomen	18		
— Senterkvinnene	19		
— Senterpartiets Studieforbund	20		
— Fylkeslag og lokallag	21		
— Spesiallogoar	22		



INNLEIING



Føremålet med denne oppdateringa av den grafiske profilen er å gi dei tillitsvalde og tilsette i organisasjonen ei betre og større verktøykasse når dei skal produsere trykksaker, delebilete til sosiale media, profilutstyr og så bortetter.

Kløveren og slagordet «nær folk» ligg fast, og skal ikkje rokkast ved. I tillegg skal me i mykje større grad bruke grønfargen som har definert oss gjennom fleire generasjonar.

God politikk er det som driver oss som politisk parti framover, og det er god politikk som gjer at stadig fleire bruker røysta si på Senterpartiet. Ein tydeleg grafisk profil skal underbygge den gode politikken, og sørge for at fleire for auga opp for den.

Vonleg vil denne oppdateringa bli teke godt imot i heile rørsla, og teke i bruk slik at me kan framstå som ei samla politisk folkerørsla med felles mål.


Lukke til med arbeidet!



KVA HAR ENDRA SEG?

Målet med denne nye profilhandboka er ikkje å endre på alt, men å bygge opp om det som har fungert best. Nokre element frå den gamle profilen har likevel blitt teke ut, og bør i størst mogleg grad gløymast og gøymast.

- Stripene (traktorspora, veglinjene) er heilt ute av profilen.
- Dei gamle oransje- og gul-fargane er heilt utev av profilen og byta ut med éin ny oransjefarge (sjå kapittel om fargar).
- Gradering (forløpning) på bakgrunnar skal me helst unngå.
- Den kvite versjonen av logoen skal me helst unngå å bruke.
- Kvit bakgrunn på anna enn interne dokument skal me helst unngå å bruke.





GRUNNLEGGANDE PRINSIPP



VÅRE GRAFISKE BEREBJELKAR

Dei mest grunnleggjande elementa som kjenneteikner Senterrørsla er kløveren og fargen grøn, og saman utgjer dei berebjelkane i profilen vår.

Denne kombinasjonen av element strekker seg langt attende i tid, og syner ei historisk forankring for Senterpartiet som prosjekt i tillegg til å underbygge vårt politiske budskap. Kløveren er eit felles-symbol for heile senterrørsla i Europa, og vart først teken i bruk i mellomkrigstida. Då saman med grønfargen som symboliserar vår tilknytning til naturen og jorda.

Kløveren blir brukt som logo, og grønt skal me bruke som hovudfarge ved alle høve.

Stundom kan det vere fristande å til dømes velje andre fargar, eller du kan gå lei profilen og ønskjer å gjere noko nytt. Det må du ikkje gjere. Det er som med politiske budskap, det er først når du sjølv går lei at det byrjar å sive inn hos folk.

NAMN OG FORKORTINGAR

Senterrørsla består av Senterpartiet, Senterungdomen, Senterkvinnene og Senterpartiets Studieforbund. I informasjonsmateriell retta mot eit publikum utanfor rørsla bør me så langt som råd bruke dei fulle namna på dei ulike organisasjonane våre. Det gjeld òg for fylkes- og lokallag.

Senterpartiet har ei forkorting som er velkjent i det breie folkelag, nemleg **Sp**. Denne forkortinga skal me skrive med stor S og liten p i samsvar med vanleg norsk rettskriving. Om det er behov for å korte ned ein utadretta tekst eller budskap er det høve til å bruke denne forkortinga.

Senterungdomen har ei forelda forkorting som til tider blir brukt, nemleg **SUL**. Denne skal me helst ikkje bruke utanfor rørsla då den ikkje lenger er offisielt gjeldande, og til dels misvisande då den viser til eit eldre namn på organisasjonen. Innafor rørsla er forkortinga meir eller mindre kjent, og me kan difor bruke den i interne dokument o.l. Ver merksam på at SUL heiter *Senterungdomen* på nynorsk og *Senterungdommen* på bokmål.

Forkortingane for Senterkvinnene og Senterpartiets Studieforbund er høvesvis **Sk** og **Sps**. Desse forkortingane er det svært få utanfor rørsla som kjenner til, og som me difor ikkje burde bruke i anna enn interne dokument o.l.

Det bør vere vanleg praksis å alltid bruke fulle namn første gong organisasjonen blir nemnt i ein tekst slik at nye lesarar enklare forstår kva organisasjon det er snakk om.



LOGO



KLØVEREN

Det er kløveren som utgjør hovudelementet i logoen, og er partiets kjenneteikn. Kløveren kan me bruke åleine om det skulle vere behov. Men i all hovudsak er det hovudlogoen me skal bruke.

HOVUDLOGO

Senterpartiets hovudlogo består av tre element: kløveren, forkortinga Sp, og slagordet nær folk.



SEKUNDÆRLOGO

Senterpartiets sekundærlogo består av to element: kløveren og partinamnet. Den skal me bruke i formelle samanhenger der det er viktig at heile namnet kjem fram, som t.d. brevark, formelle brev og invitasjonar osv..

Sekundærlogoen finst i både loddrett og vassrett variant, og ligg føre på både norsk, engelsk og samisk.





MØRKE FLATER

På mørke flater skal me bruke den alternative versjonen av logoane med kvit i staden for grøn skrift.





VERNEOMRÅDE

For å gi logoen nok luft rundt seg er det bestemt eit verneområde rundt logoen der du ikkje skal plassere andre element som t.d. tekst, ikon, bilete e.l. Det avgjør òg kor langt frå kanten av eit format logoen kan plasserast.

Verneområdet for våre logoar er definert som $\frac{1}{3}$ av breidda av kløveren. Dette prinsippet gjeld både på trykk og digitalt.





LOGO PÅ ANDRE SPRÅK

Senterpartiets logo ligg føre på både norsk, engelsk og samisk. Dei same reglar om verneområde o.l. gjeld òg for desse.

Alle logoar på andre språk skal godkjennast av kommunikasjonsavdelinga i hovudorg før bruk, med mindre dei er nemnt spesifikt i denne handboka.



Guovddášbellodat



Guovddášbellodat



**Norwegian
Centre Party**



Norwegian Centre Party



EINSFARGA LOGOAR

Alle logoane ligg føre i både fargevariantar og einsfarga variantar. Det er berre ved særskild behov du kan bruke dei to einsfarga logovariantane, som t.d. ved utskrift i svart/kvit.





FILTYPER

Datagrafikk kan lagast anten som **vektor** eller **raster**. Dei har b   sine fordelar og ulemper, og me brukar dei til ulike f  rem  l.

Vektorgrafikk er basert p   matematiske formlar og kan dif  r skalerast opp og ned s   mykje ein vil utan at ein mister kvalitet, og vil aldri sj   pikslete ut. Det er f  rebels umogleg    gjengi foto som vektorgrafikk, foto ligg dif  r alltid i rasterformat. Vektorfiler har oftast formata .ai, .svg eller .eps. PDFar er ofte vektorbaserte. P   trykksaker b  r du alltid bruke vektor.

Rastergrafikk er basert p   biletpunkt (piksler), og kan dif  r ikkje skalerast opp utan    miste kvalitet og sj   pikslete ut. Rastergrafikk kan skalerast ned, men for mykje skalering b  r ein unng  . Formatet .jpg og .tiff er best for fotografi, medan .gif og .png er best for grafikk. I rasterformat skal logoen alltid vere i .png, d   det gir best kvalitet og kompresjon.



Kl  veren i vektor-format der du ser dei matematiske kurvene.



Kl  veren i raster-format der du ser biletpunkta (pikslane) den er bygd opp av.



LOGOBRUK – RETT OG GALT

Logoane til senterrørsla skal aldri endrast på anna måte enn at du kan endre storleiken.

Det er særst viktig at logoen alltid står tydleg fram og er godt leseleg.


Du kan laste ned alle dei ulike logovariantane frå Senterpartiets nettsider kor oppdaterte versjonar alltid vil vere tilgjengelege. Er du i tvil om du har riktig logofil, last dei ned på nytt.

Feil logobruk

Logoen er kjernen i merkevaren vår, og me skal bruke og handsame den på rett måte.


1. Ikkje klem eller strekk logoen.
2. Sjå til at logoen har nok luft kring seg (jf. verneområde).
3. Fargene skal aldri fråvike fargepaletten i profilhandboka.
4. Det er ikkje lov å endre partinamnet eller anna tekst i logoen for å lage eigne logoar.
5. Spesialeffektar som skugge o.l. skal me aldri bruke på logoen.
6. Logoen skal plasserast på «rolege» flater slik at logoen er tydeleg og lesbar.
7. Du skal aldri sette logoen i boks for å omgå punkt 6.

Er du i tvil, ikkje nøl med å ta kontakt med kommunikasjonsavdelinga i hovudorg!





Overskrid verneområdet



Rotete bakgrunn

Ikkje sett logoen i boks!



ANDRE LOGOAR

Andre deler av senterrørsla, med unnatak av Senterungdomen, brukar variantar av sekundærlogoen vår med andre namnetrekk. Senterungdomen er noko annleis ved at fargane i kløveren er byta om. Alle logovariantane ligg føre i to fargevariantar til bruk på høvesvis lys og mørk bakgrunn, og i einsfarga variantar.

Reglane for logobruk som er forklart over gjeld for alle logoar som inkluderar Senterparti-kløveren.

Alle lovlege logovariantar finn du i mediabanken vår. Om du ikkje finn den logoen du er på leit etter må du ta kontakt med kommunikasjonsavdelinga i hovudorg.

Det er er ikkje lov å lage eigne logoar som inkluderar Senterparti-kløveren utan løyve frå kommunikasjonsavdelinga i hovudorg.



Senterungdomen



Senterungdomen



Senterungdommen



Senterungdommen



Guovddášnuorat



Guovddášnuorat



**Norwegian
Centre Party
Youth**



Norwegian Centre Party Youth





Senterpartiskulen
Senterpartiets studieforbund



Senterpartiskolen
Senterpartiets studieforbund



Senterpartiskulen



Senterpartiskolen



Senterpartiskulen
Senterpartiets studieforbund



Senterpartiskolen
Senterpartiets studieforbund



Senterpartiskulen



Senterpartiskolen



FYLKESLAG OG LOKALLAG

Fylkes- og lokallag kan bruke logoar med eigne namnetrekk. Desse er bygd opp over same lest som den vassrette sekundærlogoen til Senterpartiet. Namnetrekket til partiet har blitt flytta noko opp for å gi plass til namnet på fylkes- eller lokallaget.

Det er likevel oppmoda til å bruke hovudlogoen til partiet i størst mogleg grad, sjølv på brosjyrer og plakatar retta mot eit lokalt publikum. På eit flygeblad til dømes bør me bruke hovudlogoen på framsida, medan du kan plassere fylkes- eller lokallagslogo på baksida. På sosiale media bør alle fylkes- og lokallag bruke hovudlogoen eller kløveren som profildele.

At det står «Senterpartiet Nore og Uvdal» i logoen betyr ikkje at lokallaget har byta namn. I løpande tekst brukar me framleis det vedteke namnet som er Nore og Uvdal Senterparti.



Senterpartiet
Sogn og Fjordane



Senterpartiet
Oslo



Senterpartiet
Nore og Uvdal



SPESIALLOGOAR

Stundom kan det vere behov for spesiallogoar til ymse føremål. Desse skal alltid godkjennast av kommunikasjonsavdelinga i hovudorg før bruk.

I døma under ser du logoen laga til Senterpartiets hundreårsjubileum, der den loddrette sekundærlogoen har fått ekstra tekstlinjer, og eit framlegg til SoMe-profilbilete til bruk i samband med Pride. Sistnemnte er ikkje ei endring av logoen, og krev difor ikkje godkjenning før bruk.





KLØVEREN



Kløveren er ein identitetsmarkør og ikkje berre ein del av logoen vår. Den kan me òg bruke som dekorelement.

I all hovudsak er det to måtar å bruke kløveren som dekorelement, anten i form av ei «kløvereng» eller eit «kløversnitt».

Kløverenga er basert på eit rutenett der kvar rute er like stor som éin kløver. Kløverane er så plassert i anna kvar rute på anna kvar rad, i eit sikk-sakk-mønster. På den måten har alle kløverane ei vernesone på ein heil kløver rundt seg. Ein kan òg kombinere hovudlogoen og eit slagord eller namn på same måte. Sjå døma lenger ned. Kløverenga eignar seg godt til enkle rollups, presseveggar og liknande.

Kløversnittet er at ein brukar eit utsnitt av kløveren til å dekke eit større område av bakgrunnen. Du kan velje om du vil bruke kløveren i full farge eller i kvit variant. Kløversnittet skal aldri overstige 50% tettleik. Stort sett skal me halde oss til ein plass mellom 5% og 30% tettleik.

- Kløversnittet må aldri dekke eit fjes.
- Kløversnittet må aldri ligge bak eller foran logoen.
- Kløversnittet må aldri forstyrre budskapet.


Kløversnittet er meint som eit subtilt element, men som skaper større variasjon på formatet. Det er aldri kløversnittet som skal fange merksemda til mottakaren. Sjå døma til høgre.




Døme på infografikk til sosiale media



Døme på rullebanner til hundreårsjubileet



Døme på kløvereng med berre kløver.



Døme på kløvereng med hovudlogo og slagord.



FARGAR




FARGEPALETTEN

Fargepaletten er delt inn i tre typar fargar. Det er hovudfargar, støttefargar og detaljfargar.

Hovudfargane, **Kløver** og **Gras**, er henta frå kløveren og er identitetsbærande fargar. Støttefargane, **Skog** og **Høy** kan me bruke til å støtte opp om hovudfargane, til dømes ved å vere bakgrunnsfargar o.l.

I tillegg har me ein oransje detaljfarge, **Eld**, som me kan bruke til å utheve einskilte detaljar. Denne må me bruke med største omhug, då elden fort kan øydelegge både kløver, gras, skog og høy.

Hovudfargar



Støttefargar



Detaljfarge





Me brukar ulike fargesystem til ulike føremål, og ingen av dei systema me har kan gjengi alle dei fargane me kan sjå med auga våre.

CMYK: Skal produktet trykkast bør ein bruke CMYK for best fargegjevning.

RGB: Brukar me på digitale flater som skal visast på ein skjerm.

HEX: Er i utgangspunktet det same som RGB, men som me brukar på nettsider o.l.

PMS: Skal du vere 100% viss på at fargane blir riktig på trykk, må du bruke Pantone Matching System.

NCS: Om du treng å male noko, som til dømes ein vegg, må du bruke Natural Color System for å finne riktig malingsfarge.

Projektorar brukar RGB, men greier oftast ikkje vise alle fargane like godt som på ein skjerm. **Skog** kan me fort oppfatte som svart og **Høy** som kvitt på ein projektor, medan ein på ein dataskjerm tydeleg ser at dei er grøne.



FARGEKOMBINASJONAR

Her ser du korleis fargane frå paletten kan kombinerast.


Det er i hovudsak støttefargane me brukar som bakgrunnsfargar.

Høy kan du gradere tettleiken på ned til 20%.

Kvitt kan du bruke på alle fargane, og alle fargane kan du bruke på kvitt.


Kombinasjonen Høy og kvitt bør du vere varsam med då det ofte ikkje skapar nok kontrast, og blir lite leseleg.

Alle andre fargekombinasjonar enn desse er ikkje lov.





Døme på ulovlege
fargekombinasjonar.





TYPOGRAFI



PROFILFONTAR

Senterpartiet har tre profilfontar som du kan sjå på neste side. Disse er rekna til bruk i grafisk produksjon til trykk og digitalt.

Hovudfont: Raleway

Støttefont: Merriweather

Detaljfont: Marydale

Raleway og Merriweather er gratis å laste ned, og finst tilgjengeleg på våre nettsider. Marydale er ein lisensiert font som m.a. er tilgjengeleg gjennom Typekit.

SYSTEMFONTAR

I det daglege arbeidet er det ikkje alle som har tilgang til profilfontane, og du kan då heller bruke systemfontar som er installert på alle datamaskiner. Særleg i interne dokument o.l. vil det vere naturleg å bruke systemfontane.

Hovudfont: Calibri

Støttefont: Georgia

Desse fontane følgjer same reglar som gjeld for profilfontane.



Raleway er den nye hovudfonten vår og har ni ulike tjukkeleikar, i tillegg til at alle ni òg har ein eigen kursiv-versjon (italic).

I programvare som støttar Open-Type har den fleire typevariantar, mellom anna har den tala 0-9 i versalar.

Raleway black skal me berre bruke med store bokstavar.

Kursiv i Raleway skal me berre bruke til utheving i mengdetekst.

Dei mest ekstreme variantane skal me berre bruke i dei største overskriftane, og til info-grafikk o.l.

Raleway black **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway extra bold **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway extra light **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway thin **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Dei fem normal-variantane kan me bruke til det meste. Regular eignar seg best til brødtekst. Bold og semi bold eignar seg best til store og små overskrifter, og til utheving i ein løpande tekst der kursiv ikkje er naturleg.

Raleway bold **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway semi bold **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway medium **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway regular **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

Raleway light **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**



Merriweather er støttefonten vår. Den skal vere ein kontrast til Raleway, og kan vere med å bryte opp lengre tekstar. Den fungerer bra til ingressar, undertitlar, små infoboksar eller skildringar, etikettar o.l.

Merriweather finst i fire variantar, alle med ein tilhøyrande kursiv-versjon (italic).

*Merriweather
ultra bold* **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

*Merriweather
bold* **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

*Merriweather
regular* **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**

*Merriweather
light* **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&**



Marydale er ein detaljfont, og er den me brukar aller minst av fontane i profilen. Den er eit tillegg, og skal aldri stå heilt åleine. Først og framst brukar me den til å skrive nær folk i logoen. Marydale brukar me berre i infografikk, på plakatar og anna grafisk materiell.

Marydale
black ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!/?&

Marydale
bold ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!/?&

Marydale
regular ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!/?&



Til dagleg bruk kan systemfontane Calibri og Georgia erstatte høvesvis Raleway og Merriweather.

Calibri
bold **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&

Calibri
regular **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&

Calibri
light **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&

Georgia
bold **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ-
VWXYZÆØÅ**
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&

Georgia
regular **ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ-
VWXYZÆØÅ**
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
0123456789@!?!&



TYPOGRAFISKE TILHØVE

Overskrifter

- Raleway black eller bold (evt. Calibri bold)
- Storleik må justerast etter tilhøva mellom format og mengde tekst.
- Hugs at overskrifter ikkje bør vere for lange. Gjer dei korte og konsise, men informative.

Ingressar

- Merriweather regular (evt. Georgia regular)
- Omlag 50% større enn mengdeteksten

Mengdetekst

- Raleway regular (evt. Calibri regular)
- 11-14pt (denne teksten er 11pt stor)

Skildringar, bilettekstar o.l.

- Her er det større fridom, men Merriweather italic er ofte fin til mindre skildringar o.l. slik som du kan sjå i denne handboka..



KORLEIS TA OMSYN TIL SVAKSYNTE

- Teksten må ikkje vere for liten. Skrift under 10pt er ofte vanskeleg å lese for mange.
- Tekst rekna for svaksynte bør vere mellom 12 og 16pt. Storleikar over 20pt i løpande tekst gir ikkje noko betre lesbarheit.
- Ikkje press saman eller strekk tekst.
- Teksten bør vere venstrejustert. La høgre marg vere ujamn.
- Sjå til at det er tydeleg avstand mellom orda.
- Glansa papir reflekterer mykje lys. Bruk gjerne papir som er ubestrøket/matt.



Overskrift Raleway black 24/29 pt

OSKELADDEN SOM KAPPÅT MED TROLLET

Ingress Merriweather light 16/20 pt

Det var ein gong ein bonde som hadde tre søner. Sønene skulle ut og hogge ved i skogen. Første dagen gjekk den eldste. Han byrja å hogge. Da kom trollet og sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg.» Da gjekk den eldste sonen heim att.

Brødtekst Raleway regular 11/14 pt

Andre dagen gjekk den mellomste sonen. Han byrja å hogge. Trollet sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg!» Da gjekk den mellomste sonen heim att.

Tredje dagen gjekk Oskeladden. Brørne hans mobba han og sa at han aldri kom til å klare å hogge ved. Han fekk med ost og skreppe og gjekk av stad. Han byrja å hogge. Trollet sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg!» Oskeladden fann fram osten frå skreppa og klemde han flat. Han sa: «Dersom du ikkje er stille, så skal eg klemme deg akkurat som eg klemmer denne kvite steinen.» «Nei, spar meg,» sa trollet. «Eg skal hjelpe deg å hogge.»

Overskrift Raleway bold 11/14 pt

Oskeladden vart med trollet heim til hola.

Dei skulle ete graut. Oskeladden spurde trollet: «Skal vi ete om kapp?» «Ja,» svarte trollet. Oskeladden tok skreppa på magen. Han åt litt graut sjølv og helte mange skeier ned i skreppa. Da skreppa var full, tok han fram ein kniv og rispa eit hol i henne. «No er eg mett,» sa trollet. «Ikkje eg,» sa Oskeladden. «Gjer som eg, skjer hol i magen din når du blir mett, så har du plass til meir graut.» Trollet gjorde som Oskeladden sa, og døydde av det.



BILETE



Senterpartiets bruk av bilete og foto skal spegle og underbygge vårt politiske og praktiske budskap. Me skal kommunisere våre saker og vår politikk på ein god måte, ikkje snakke ned eller gjere narr av politiske meiningsmotstandarar.

Bruk gjerne bilete som ser naturlege ut, med roleg bakgrunn, og som ikkje har for mange forstyrrande element i seg.

Tre nyttig T-ar:

1. Tema

Hald deg til saka. Illustrer budskapet ditt så enkelt som mogleg. Du har omlag 3 sekund på å fange og halde på lesaren.

2. Truverdigheit

Ikkje far med løgn eller antyd ting som ikkje er innafor akseptable rammer.

3. Tillit

Ver varsam i møte med menneske. Du må alltid hente inn løyve frå objekta dersom dei du tek bilete av er lett å kjenne att. Ver særleg varsam når du tek bilete der barn er involvert, eller ved fotografering av menneske i sårbare situasjonar som ulukker, valdsendingar, uteliggjarar, tiggarar osb.

Senterpartiet har eigne fotobankar til bruk for både eksterne og eigne folk. Ta kontakt med kommunikasjonsavdelinga i hovudorg for tilgang til desse.



Illustrasjonsbilete bør ha rolege bakgrunnar med tydelege motiv som skapar gode assosiasjonar.



I portrettbilete er det objektet som skal vere i fokus, med minst mogleg støy omkring seg.



SOSIALE MEDIA



I sosiale media må du vere gnien med ord og symbolikk. Infografikken, eller delebilete som det òg blir kalla, må vere enkle og rett på. I nyhende-traumane på t.d. Facebook eller Instagram får du omlag tre sekund på å fange merksemd når lesaren skroller seg nedover. Infografikken brukas for å fange lesaren for at dei skal ville lese innlegget du har skrive, eller trykke på lenka du har delt.

Nokre tips til utforming:

- Bruk få utvalde ord som du kan lese på to sekund.
- Enkel symbolikk. Ikkje bruk for mange element.
- Om du ikkje skal bruke eit bilete som bakgrunn, bruk Høy som bakgrunnsfarge. (Døme 1 og 2)
- Uthev eitt viktig ord med ein annan farge, gjerne knytta til eit politisk saksfelt. (Døme 3, 4 og 6)
- Om du kan, bruk bilete med ein roleg bakgrunn kor du kan plassere teksten. (Døme 3 og 5)
- Om du må bruke eit bilete med uroleg bakgrunn, lag ein smal boks til kvar einskild linje. Jf. kapittel om fargekombinasjonar. (Døme 4 og 6)
- Utprega urolege bilete kan gjerast mindre uroleg ved å gjere dei uskarpe, og slik få retta fokus på budskapet. (Døme 6)
- Infografikkar og delebilete bør ha ei kvadratisk form. Lag dei gjerne i 1200 x 1200 biletpunkt.





EPOSTSIGNATUR



Føremålet med ein epostsignatur er å fortelje kven du er, og korleis me kan kontakte deg. Difor bør følgjande stå i signaturen din:

• Fullt namn	Beste helsing,
• Stillingstittel	Namn Namnesen
• Organisasjonsnamn	Epostrådgjevar
• Telefonnummer	Senterpartiet
• Epostadresse	22 22 55 55 epost@sp.no

For å understreke identiteten vår bør signaturen bli kledd i grønfargen **Kløver** som i dømet over.

Bilete i signaturen, som til dømes ein logo, bør du ikkje bruke. Dette har vore standard før, men bør no ta slutt av fleire grunnar:

1. Biletfla tek opp unødvendig diskplass for både deg og mottakar.
2. Mange epostlesarar (t.d. Outlook) skjuler alle bilete automatisk, og logoen blir ikkje vist uansett.
3. Av ulike grunnar kan biletfla forsvinne, og legge att ein stygg firkanta feilmelding i staden for.
4. Mange les epost som rein tekst, og då vil biletet bli vist som ein lang URL eller kode i staden for.
5. Mange eposttenarar komprimerar filer automatisk. Sjølv om logoen ser fin ut hos deg kan den ende opp som stygg hos mottakaren.
6. Med stadig større støtte for «dark mode» blir det vanskeleg å syte for at logoen ser bra ut hos alle mottakarane.

Døme på biletbbruk i epostsignatur, og kvifor det er feil:




Beste helsing,

Namn Namnesen
Epostrådgjevar
Senterpartiet



22 22 55 55
epost@sp.no

Signatur på lys bakgrunn som vanleg.



Beste helsing,

Namn Namnesen
Epostrådgjevar
Senterpartiet



22 22 55 55
epost@sp.no

Same signatur i «dark mode».



Beste helsing,

Namn Namnesen
Epostrådgjevar
Senterpartiet



22 22 55 55
epost@sp.no

Same signatur men med kvit bakgrunn på logoen.



This part contains an attachment that can not be displayed within this part:
image001.png 6 KB

Beste helsing,

Namn Namnesen
Epostrådgjevar
Senterpartiet

[signature_809993286]

22 22 55 55
epost@sp.no<mailto:epost@sp.no>

Same signatur som over, men i rein tekst, og vedlegg (logoen) blir ikkje lasta ned på førehand.